

OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 03.04.2006 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Administrasjonssjef og kommunekasseraren.

Einingsleiar for pleie og omsorg møtte under sak 14/06.

Merknader:

Etter at utvalet var på synfaring på bustadtomt Rolvsvåg, vart det bestemt at søknaden om redusert pris på tomte skulle imøtekomast på visse vilkår. For presisering av utvalet si beslutning sjå nærare i møteboka.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. april 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

John Magne Bogevik ba om å få opplyst kva heimel som låg til grunn for gradering av vedlegg til sak 13. Det vart opplyst at dette vart gradert ut frå at det var eit internt dokument.

Ordføraren viste til at det vart avtalt i førre møte at utvalet skulle på synfaring på bustadtomt Rolvsvåg, og at utvalet etter synfaringa skulle ta stilling til om det skulle fattast vedtak i saka.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

John Magne Bogevik viste til informasjon i media om bruk av eternitt i vassleidningsrøyr.

Han spurde om slike røyr var nytta i Samnanger kommune.

Administrasjonen vil undersøke dette, men så langt dei kjenner til er det ikkje tilfelle.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Samferdsel Ordføraren har hatt fleire førespurnadar frå politikarar om kva som vert gjort i høve til å fremja kommunen sine vegsaker andsynes overordna vegstyresmakter. Bakgrunnen er at det er mange på banen som fremjar sine saker. Ordførar viste til dei initiativ som er teke i høve til vegstyresmakter i regionen vår og det samarbeidet ho har med ordføraren i Fusa. Ho vil delta på ein konferanse i morgon der også Torp er med.

John Magne Bogevik orienterte frå eit vegmøte han hadde vore på i Fusa i førre veke. Engasjementet her var stort frå Fusa, men og frå næringslag på Tysnes, Kvinnherad m.fl.

Opprusting av kommunale vegar. I budsjettdebatten i haust kom det fram eit sterkt ønskje om å rusta opp dei kommunale vegane. Til dette er det trong for midlar langt ut over det som er mogleg å avsjå over ordinært driftsbudsjett. Tanken om å låna midlar til opprustinga vart fremja i kommunestyret. Fylkesmannen har gitt tilbakemelding om at det ikkje er mogleg å finansiera opprusting av kommunale vegar med lån då det er å sjå på som ein driftsutgift. Administrasjonen vart utfordra av politikarane om å utgreia alternative måtar å få vegane rusta opp.

Kommunekasseraren orienterte i møte om reglar for føring av mva-refusjon for tiltak ført i investeringsrekneskapen. Kort fortalt er all mva-refusjon ei driftsinntekt og slik sett skal den førast i driftsrekneskapen. Det er ingen formelle restriksjonar på korleis desse inntektene kan brukast. Dersom dei skal brukast til medfinansiering av investeringstiltaket, føreset det at rekneskapen viser overskot ved årets slutt. Svømmebassenget er lånefinansiert fullt ut, dvs. at mva-refusjon ikkje går inn som ein del av finansieringa. Refusjonen er ikkje bunde opp og er disponibel til andre tiltak som t.d. vegutbetring. Det andre store tiltaket i budsjettet for 2006 som gir mva-refusjon er utbetringa av skulane. Her er refusjonen teke med i finansieringa av tiltaket, dvs. at denne refusjonen ikkje er disponibel til andre tiltak, og det føreset og at rekneskapen viser overskot.

Personal- og økonomiutvalet var samd i resonnementa frå kommunekasseraren, og ser at det her er ei mogleg finansiering av vegutbetringane. Sidan mange økonomiske faktorar er usikre, vert administrasjonen beden om å koma attende til dette spørsmålet når revidert

nasjonalbudsjett ligg føre og me venteleg har fått svar på ein del spørsmål kva gjeld kommunen sin økonomi for 2006.

For å få handsama rekneskap og årsmelding på kommunestyremøte i april, må personal- og økonomiutvalet ha **ekstra møte**. Kontrollutvalet skal handsama desse sakene 10.04. Det var semje om eit ekstra møte onsdag 26.04.06 kl 15.00.

Bustadtomt Rolvsvåg – arkiv sak 05/399

Personal- og økonomiutvalet fatta i sak 49/05 at prisen på tomt nr. 19-45 vart flytta til lågaste prisgruppe for feltet. Dvs. at tomta vart tilbydd aktuell kjøpar Aage Takvam for kr 60.000.

Takvam har i seinare skriv bedt om at det vert føreteke synfaring på eigedomen. Dette fordi han meiner at ulike inngrep har gjort tomta vanskeleg å byggja ut, og at prisen må ytterlegare ned. Han ba opprinneleg om å få tomta til kr 45.000.

Utvalet var på synfaring, og møtte der aktuell kjøpar.

Utvalet vedtok at Aage Takvam skal få kjøpa tomta for kr 45.000. Føresetnaden er at det vert bygd på tomta innan 3 år.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0009/06	05/00464	STØNAD TIL POLITISKE PARTI 2006.
0010/06	06/00058	TILLEGGSLØYVINGAR 2006 - PREMIEAVVIK
0011/06	06/00150	BUDSJETTENDRINGAR 2006
0012/06	06/00155	UTVIDING AV STILLING OPPMÅLING OG KART
0013/06	06/00163	KOMPETANSESENTER FOR SMÅKRAFTVERK
0014/06	05/00355	Unnateke off. innsyn §6 OPPRETTING AV TILBOD TIL FUNKSJONHEMMA UNGDOM

0009/06

STØNAD TIL POLITISKE PARTI 2006.

Handsaming i møte:

Ordføraren sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Det vart presisert i møtet at kommunen sin stønad skulle supplera fylkesmannen sitt tilskot

Vedtak:

Samnanger kommune betalar ut tilskot til politiske parti etter same reglar og satsar som for 2005 med unnateke for den delen som fylkesmannen tek ansvar for.

0010/06

TILLEGGSLØYVINGAR 2006 - PREMIEAVVIK

Framlegg til vedtak::

For å dekkje opp endeleg premieavvik pensjon 2005 vert det føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

Konto 1.1200.1710.0900 vert sett opp med 40.500 frå 100.000 til 140.500

Konto 1.1200.1710.0990 vert sett opp med 5.800 frå 14.000 til 19.800

Konto 1.1200.1800.4900 vert sett ned med 46.300 frå 357.000 til 310.700

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

For å dekkje opp endeleg premieavvik pensjon 2005 vert det føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

Konto 1.1200.1710.0900 vert sett opp med 40.500 frå 100.000 til 140.500

Konto 1.1200.1710.0990 vert sett opp med 5.800 frå 14.000 til 19.800

Konto 1.1200.1800.4900 vert sett ned med 46.300 frå 357.000 til 310.700

0011/06

BUDSJETTENDRINGAR 2006

Framlegg til vedtak::

Alle arter i budsjettet for 2006 som gjeld næringsfondet vert endra frå art 9405 til art 9505.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Alle arter i budsjettet for 2006 som gjeld næringsfondet vert endra frå art 9405 til art 9505.

0012/06

UTVIDING AV STILLING OPPMÅLING OG KART**Framlegg til vedtak::**

Stillinga ved teknisk eining knytt til oppmåling vert utvida til 100% stilling. I tillegg til oppmålingsarbeid, skal og ansvaret for vedlikehald og utvikling av kartverket til kommunen ivaretakast med denne utvidinga samt at plankapasiteten ved eininga skal stykjast.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Stillinga ved teknisk eining knytt til oppmåling vert utvida til 100% stilling. I tillegg til oppmålingsarbeid, skal og ansvaret for vedlikehald og utvikling av kartverket til kommunen ivaretakast med denne utvidinga samt at plankapasiteten ved eininga skal stykjast.

0013/06

KOMPETANSESENTER FOR SMÅKRAFTVERK**Framlegg til vedtak::**

Personal- og økonomiutvalet tar saka til etterretning.

Handsaming i møte:

Ordførar sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Personal- og økonomiutvalet tar saka til orientering.

Utvalet stør at det vert sett ned ei breitt samansett prosjektgruppe der ordføraren og Helge Reistad representerar politisk nivå i kommunen. Det er ønskjeleg at næringa er godt representert.

Ei viktig oppgåve for prosjektgruppa er å utarbeida ein presentasjon av prosjektet slik det kjem fram i pkt. 4.0 i internt notat frå Bjønefjorden Næringsutvikling dagsett 09.02.2006.

Prosjektgruppa skal

- følgja arbeidet med forstudiet
- koma med innspel og idear til tiltaket og til samarbeidspartar og organisering
- rapportera jamnleg til personal- og økonomiutvalet.

Miljø- og plansjef Hans Kristian Stenerud møter for administrasjonen.